



DEN NORSKE KIRKE

Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Møtebok for Fellesrådet 2011-2015

Møtedato: 14.01.2014
Møtetid: kl. 13:00 – 15.30
Møtested: Talgø-stua, Kyrkjelydshuset

Tilstede:

Lars Polden, Ildri Sjøland Øyen, Erik Moen, Turid Sættem Eggen, Lilly Gunn Nyheim, Vidar Rygh, Guro Årnes.

Meldt forfall:

Ranveig Brøske, Karstein Svendsli og Palmer Vikan .

Saker

Sak 001/14 Møteplan 2014

Møtebehandling:

Møteplan for fellesrådet 2014.

Møtestad Kyrkjelydshuset på Skei kl 1300 – 1600

Datoer:

Sak 002/14 Val av leiar og nestleiar 2014

Vedtak:

Lars Polen vart vald som leiar for 2014 og Erik Moen som nestleiar.

Til å skrive under på møteboka vart Lars Polden og Turid Sættem Eggen valde.

Sak 003/14 Evaluering av bispevisitas

Møtebehandling:

Det vart teke ein runde omkring bordet med høve til å gje uttrykk for opplevinga av visitasveka.

Stikkord frå denne runden:

Takksamme for inspirerende og positive dager. Mange kjent på at biskopen hadde møtt dei og sett dei.

Programmet gjekk greitt rent praktisk. Det var ei hektisk veke for dei som var med på alt.

Kunne vore betre forberedt med kunngjeringer.

Ei utfordring å bli sett i jungelen av ulike media.. Kyrkje kulturen bør lyftast meir inn i kommunen sin kultur. Felles kallender for alt som skjer bør på plass om den ikkje er det. Kyrkjebladet vert lese og kan brukast meir bevisst.

Til felles soknerådsmøte burde det vore gjeve ei oppgåve til alle sokneråda i forkant av møtet.

Evalueringa kan samlast i tre områder, forarbeid, gjennomføring og vidareføring.



DEN NORSKE KIRKE

Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Vedtak:

Til å laga ein evalueringsrapport med tanke på oppfølging av tiltak i handlingsplan for kyrkja , vert det sett ned ein gruppe for å kome med eit framlegg.

Valde:

Bernt Venås, Lilly Gunn Nyheim, Ildrid S. Øyen, Erik Moen og Lars Polden. Gruppen vert kalt inn til møte 3. februar kl 9.00 på Kyrkjelydshuset

Sak 004/14 Årsbudsjett og økonomiplan

Møtebehandling:

Budsjett drøfta. Kyrkjeverja skriv eit brev til kommunen, med takk for ekstraløyving og ei utgreiing om rekneskapsåret 2012 og dei utfordringane vi hadde både med rekneskapsføring, revisjon og økonomi og kva vi har gjort med det.

Vedtak:

Vedlagte budsjett vedtatt som budsjett 2014 for Stangvik og Surnadal kyrkjelege fellesråd .
Og økonomiplan 2015-2017.

For Fellesrådet 2011-2015

Lars Polden
Leiar

Turid Sættem Eggen
Medlem

Ingeborg Nordlund
Kyrkjeverje